

Ulvik Cittaslow



Referat Cittaslowrådsmøte

Tid: Torsdag, 21.09.2017, kl. 18:00-20.30
Varighet: 2,5 t
Sted: Heradstyresalen, Olav H. Haugesenteret, Ulvik

Møtt:

Vibeke Korsnes medlem
Jorid Lekve Eide medlem
Jenny Johnsen medlem
Stein Olav Kolaas medlem
Hans P. Thorbjørnsen ordfører
Natalia A. Golis- bygde- og næringsutviklar/ sekretær for Cittaslowrådet

Saksliste

20/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden (V)

Innkallingar bør gå ut to gonger i tillegg til SMS påminning same dag.

Vedtak: Godkjent

21/17 Godkjenning av referat (V)

Referatet sendes ut etter møte, og legges så ut på heimesida, det er likevel naudsynt å godkjenne referatet til kvart møte.

Vedtak: Godkjent

22/17 Behov for gjennomgang av innkjøpsreglement (V)

Ulvik herad er i gang med å vurdere innkjøpsreglementet til offentlig innkjøp. Det har komme innspel frå rådet sjølv om å ta tak i dette, basert på kva rådet meiner vil være naudsynt og viktig å ha fokus på i prosessen.

Det handlar om å setje pris på

- den lokale bonde og næringsdrivande
- skape ein lokal økonomi i eiga bygd
- undervise borna våre om kvar maten kjem ifrå og knyte band frå produsent til leverandør til forbrukar

Det er strenge innkjøpsordningar pt. Ordfører orienterte om prosessen som er på gong i administrasjonen der man ser nye ordningar som vil ivareta mogleg lokale innkjøp frå lokale produsentar.

Forslag til vedtak: Rådet ved Jorid utarbeida fråsegn/ notat til Ulvik herad. Utkast blir sendt til alle rådsmedlemmer til innspel pr. e-post- og vil då bli oversendt heradet snarast.

18/17 Besøk International Coordinating Committee til Ulvik 9-12.11 (O)

I november kommer det internasjonale Coordinating Committee til Ulvik. Det er ein stor internasjonal delegasjon med representantar frå heile verda. Sjølv Coordinating Committee er på laurdag. Her er det viktig at vi viser fram alt det beste vi har, og vi har i tillegg behov for bistand til logistikk mm. Programmet er kompakt. Rådet drøfta forslag til turar og innhald. Det kom inn forslag om :besøk til Fleirbrukshallen, besøk i barnehagen, kyrkja mm. (Sjå vedlagd program for meir info.)

18/17 Orienteringar (O)

- Oktobertorg: Vibeke Korsnes orienterte. Alt er i rute! 21 påmeldte så langt til torgdelen. Håper på 24. Mange frå Ulvik. Ble orientert om prosess med felles plakat, felles annonsering, og behovet for vidare samtale/ arbeid med å definere kven skal ha ansvaret for felles marknadsføring mm. God tilbakemelding for plakaten. Blir felles mattelt for Slow Food og Bygdekvinnelaget.
- Ordførar skal framover vurdere å vere tilgjengeleg på kontorhotellet på Handelslaget ein gong i månaden for å snakke om «Kva er Cittaslow?». Annonserast.
- Høyring til Planprogram for SeaWalk Ulvik AS- planprogrammet er nå ute på høyring for 2. gang. Frist for å sende inn høyringsfråsegn er 23.11 (*utsatt pr. 12.10*). Rådet ynskje å sende inn nytt fråsegn.
 - **Vedtak:** Nytt forkorta utkast basert på nytt *Forprosjekt- Val av Planområde for SeaWalk i Ulvikapollen* sendes til rådet til innspel/endingar og vedtakast pr. e-post/ møte.

19/17 Møteplan

- Kalles inn særskilt av sekretær.